

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Erik Knag Johannesen	Gbnr - 22/132	14/753

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
63/2014	Formannskapet	PS	27.08.2014
	Kommunestyret	PS	

Søknad om kjøp av tilleggsareal til gbnr. 22/132

Vedlegg:

Søknad om kjøp av tilleggsareal

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rega Pro AS har i skriv datert 13.02.2014, søkt om å få kjøpe tilleggsareal til sin eigedom gnr. 22, bnr. 132, av Meland kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at verksemda ønskjer ein formalisering av eigedomsforholdet til opparbeidd parkeringsplass og areal rundt bensinstasjonen. Arealet selskapet ønskjer å kjøpa utgjer om lag 8X40 meter, totalt ca. 350m2. Se vedlagt kartskisse til søknad. Tomta er tenkt nytta som i dag, og til utviding av eksisterande verksemd med ny vaskehall.

Vurdering

Administrasjonen har sett på søknaden i høve til faktiske opplysningar.

Arealet som Rega Pro AS søker om å få kjøpe, ligg på grn. 22, brn. 115 som Meland kommune eig. Området er regulert til "Industriens friområde" i gjeldande reguleringsplan – Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaug, planid 125619780310.

Administrasjonen er positivt innstilt til søknaden, da grensa mellom eigedomane per i dag ikkje ligg naturleg i forhold til den faktiske utnyttinga av områda. Dersom ein stettar framsette søknad, vil grensa harmonere som meir med bruken. Meland kommune ønskjer også å støtte opp under verksemda og arbeidsplassar i kommunen. Det er svært positivt at verksemda ønskjer investere å ekspandera drifta si i Meland. Det visast også til tidelgare sak KS sak 038/11 der naboeigedomen Gnr. 22, Bnr. 131 fikk kjøpe tilsvarende areal av Gnr. 22, Bnr. 115 mot Mjåtveitflaten.

Dersom Meland kommune vel å selja det aktuelle arealet må det søkjast om dispensasjon/mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast. Ved eventuell søknad om tiltak må gjeldande byggjegrænse mot veg og frisktssoner ivaretakast.

Framlegg til vedtak:

1.Regal Pro AS får stetta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune. 2.Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast. 3.Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrænse mot veg og frisiktsoner ivaretakast. 4.Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.

Formannskapet - 63/2014**FS - behandling:****FS - vedtak:**

1.Regal Pro AS får stetta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune.
2.Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast.
3.Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrænse mot veg og frisiktsoner ivaretakast.
4.Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.

, den 15.08.2014

Erik Knag Johannesen
bygg- og eigedomsforvaltar